



SOGN OG FJORDANE



Dialogmøte

**mellom politisk leiing i kommunane/fylkeskommunen
og styret i Helse Førde HF**

Fredag 18. november 2016, Scandic Sunnfjord hotell, kl. 12.00 – 15.30

Møteleiarar: Nestleiar i styret i Helse Førde, Agnes Landstad
Medlem i fylkesstyret i KS, Olve Grotle

12.00 – 13.00 Felles lunsj for styret og deltakarane frå kommunane mv.

13.00 – 13.05 Innleiing og presentasjon

13.05 – 14.15 Helse 2030

Representantar frå Helse Vest RHF orienterer.

Utviklinga av pasientens helseteneste pregar alle delar av aktiviteten i Helse Vest. Korleis ser helsetenesta på Vestlandet ut 15 år fram i tid? Korleis møter vi framtida med dei beste løysingane?

Samhandling med kommunane er svært viktig, og ein ønsker innspel til korleis ein ser føre seg at dei framtidige utfordringane kan løysast.

Refleksjon/diskusjon.

14.15 – 14.30 Pause

14.30 – 14.50 Helse Førdes tilbod til psykisk sjuke pasientar ute i kommunane

I førstelinjetenesta opplever ein å møte utfordringar der ein har behov for meir bistand frå spesialisthelsetenesta. Slike utfordringar kan vere knytt til psykisk helse og rus. Eit verkty for å kunne imøtekomme dette ønsket, kan vere bruk av ambulante team. Innleiarane stiller spørsmål om i kva grad innbyggjarane i fylket får det same tilbodet om ambulante tenester?

Innleiing ved:

Norunn Stavø, kommunalsjef Flora kommune

Kurt Even Andersen, kommunalsjef Førde kommune

Refleksjon/diskusjon.

14.50 – 15.05

Kommunane si plikt i høve øyeblikkeleg hjelp døgntilbod innan psykisk helse og rus

Kommunane skal syte for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp. Plikta trådde i kraft 1. januar 2016 for menneske med somatisk sjukdom. Frå 1. januar 2017 skal denne plikta òg gjelde for menneske med psykiske helse- og rusutfordringar.

Innleiing ved Børge Tvedt, direktør for psykisk helsevern i Helse Førde HF.

Eventuelt innspel frå kommunane.

Refleksjon/diskusjon.

15.05 – 15.25

«Kortnytt» - gjensidig informasjonsutveksling

15.25 – 15.30

Avslutning